



## NY FINANSIERINGSMODELL

Det trengst ein ny finansieringsmodell der det offentlege tar eit steg fram og fullfinansierer

- produksjonslokale
- løn til båtbyggjarar/lærlingar
- driftsmidlar til deira aktivitetar.

Slik får Norge vidareført byggetradisjonen for alle tradisjonsbåtane.

Båtkjøparane dekkjer kostnadene til materialar, båtsaum, beslag, segl, tauverk, skruer, dekksutstyr og smurning. Slik får kjøparane eit eigarforhold som er vesentleg for at båtane over tid skal få bra stell.

Med fullfinansierte båtbyggjarar kan ein jamstilla prisane på norske tradisjonsbåtar, uavhengig av type og byggetid. Prisen kan då justerast til eit nivå som tilsvarer moderne, serieproduserte båtalternativ i same storleik.

Det offentlege bør òg yta midlar til etablering av fellesnaust, slik at det kan etablerast minst eit anlegg årleg innanfor kvar båttradisjon.

## DRIFT AV BÅT OG NAUST

Grunneigar der fellesnausta står kan godt vera kommunen, museet, idrettslaget eller ein annan allmenntilgjengelig aktør. Båtane kan vera eigd av ein eller fleire opne, demokratiske organisasjonar, gjerne tilknytta roforbundet, seilforbundet, Forbundet Kysten eller DNT. Driftsorganisasjonen syter for tilsyn, båtstell og forsikring. For å sikra inntekter til dette er truleg ei viss brukarbetaling naudsynt.

## BÅTBRUKARANE

*Mange brukargrupper i ulike aldrar:*

- uteskule / trening / tevling
- lagbygging for næringsliv
- rekreasjon / helse
- grøn opplevingsturisme / fiske
- integrering av nye landsmenn
- kulturbasert omvising

*Fellesnaust for tradisjonsbåtar gjer oss:*

- lavterskel-møtestader i både bygd og by
- fremjer fellesskap, naturopplevingar og folkehelse gjennom fysisk aktivitet i naturen
- kan samkøyrast med offentlege satsingar på immateriell kulturarv, handverk, turstiar, sykkel og sjøvit

**Les meir på [www.fellesnaust.no](http://www.fellesnaust.no)**

**Kystsoge**  
vekene

Kontaktperson: Kjell Magnus Økland  
Dagleg leiar, Kystsogevekene  
95 04 67 39 / [kystsogevekene@hfk.no](mailto:kystsogevekene@hfk.no)

# TRADISJONSBÅTAR TIL FOLKET!



**GREPA SOM SIKRAR FRAMTIDA:**

- Fellesnaust til båtane
- Fellestingingar av båtar
- Ny finansieringsmodell

**[www.fellesnaust.no](http://www.fellesnaust.no)**



Med fellesnaust for nybygde tradisjonsbåtar midt i bygd eller by vert slike roturar vanleg for alle året rundt.

Drøyer du stundom om å ro eller segla ein tur med ein tradisjonsbåt utpå fjorden? Norskekysten rommar ein rik flora av velforma båttypar som er resultatet av ei utviklingssoge som går fleire tusen år attende i tid. Korleis kan me ta tradisjonsbåtane med oss inn i framtida?

### Fellesnaust for nybygde tradisjonsbåtar

Nausta må ha

- gode sjø- og landsetjingstilhøve
- plassering nært attraktivt farvatn
- god tilkomst
- plassering nært kollektiv kommunikasjon
- snuplass for båthengar

Nausta sikrar båtane mot sol, nedbør, tidevatn og anna væte, men kan elles vera nokså enkle i forma. Målet er å fremja aktivitet på vatnet.

Kvar båt sitt tilfar ligg lagra på bjelkane rett over båten: årer til roing, ausekar, ror, liten rigg/segel for tursegling og større rigg/segel for sportssegling.

### ULIKE STORLEIKAR

Båtar i ulike storleikar sikrar tilbod både til den som er åleine og til større grupper som vil utpå. Ei mogleg fordeling:

- 2 æringar
- 3 færingar
- 3 seksæringar
- 2 åttringar

Då kan alle elevane i ein skuleklasse ro samstundes, eller inntil to skuleklassar kan vera utpå samstundes. Båtar i same storleik i same anlegget bør byggast nokså einsarta, noko som er viktig ved tevlingar.

Minst eitt fellesnaust bør etablerast i kvar kommune i heile landet. For å lukkast må lokale aktørar identifiserast og engasjerast. Slik tar dei eigarskap til prosessen med å skaffa nausta og båtane.



## FELLESTINGINGAR AV NYBYGG

Båtbyggjarane sitt samfunnsoppdrag vert å bygga tradisjonsbåtar til folket. Lokalmiljøet, båtbyggjarane og det organiserte båtbrukarmiljøet spesifiserer saman kva storleikar og typar båtar som skal byggast.

Skal eit naustanlegg få ei effektiv etablering bør det koma på plass 10 båtar i løpet av eitt år. For å nå dit må kapasiteten i kvar byggetradisjon årleg vera minst 10 nybygde båtar inklusiv tilfar. I tillegg kjem kapasitet til arbeidet i skogen og på saga, formidling til publikum, fagleg opplæring av nye båtbyggjarlæringar og fagleg fordjuping for båtbyggjarane. Samlar ein båtbyggjarar i same tradisjonsdistriktet er det stor fordel:

- fagmiljø
- effektiv produksjon
- formidling
- opplæring av nye lærlingar

## PRODUKSJONSVERKSTADANE

Båtbyggjarverkstaden må ha nok areal til:

- bygging
- materiallager
- mellomlager til ferdige båtar

Produksjonen bør organiserast slik at flest mogleg av båtbyggjarane over tid får bygga uhindra av publikum. Truleg er det best om produksjon og formidling ikkje er samlokaliserte, evt. formidlingsbygging kan rullera mellom båtbyggjarane.